

Meland Kommune

Rådhuset

5918 FREKHAUG

30.09.2014

INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN GNR. 43, BNR.8 på Ryland

Område N10 i arealplankart.

Me vil med dette be om at dette arealet blir ståande som LNF område i denne kommuneplanen.

Infrastrukturen tilseier at det pr. i dag neppe vil etablerast industri i dette området. Det er i dag ein god del planteskog i dette området, og det er ein viktig del av gardsdrifta vår. Mykje av skogen er i dag i hogstklasse 5. Dersom dette arealet vert liggjande som industriområde i kommuneplanen er det vanskeleg å planleggja vegbygging for hogst, omplanting innan treårsregelen, mm.

Som LNF område er ikkje området øydelagt for annan samfunnsmessig god bruk i framtida. Så lenge det ikkje er utarbeidd planar for vegutbetring frå Fløksand til Ryland ser me på dette som så langt fram i tid at det er urimeleg å leggja slike band på dette arealet.

Med helsing

Astrid Askeland

Magnar Askeland

Eigarar av gnr.42, bnr.8 på Ryland

